ID	Forslagsstiller	Linjenummer	Forslag	Eventuell begrunnelse	Innstilling
1	Hilde Gjester Hoel	93	Vil ha inn en overdnet visjon i starten av programmet. Til dømes: «Vestland skal bli Norge sitt leiande verdiskapingsfylke - der naturressursar, kunnskap og skaparkraft blir til framtidsretta arbeidsplassar, sterke lokalsamfunn og velferd for alle».	Programmet har mange gode einskildsaker, men manglar eit overordna bilete på kva samfunn Vestland skal bli. Verdiskaping bør vera ein raud tråd i programmet. At Vestland skal vera eit leiande verdiskapingsfylke står allereie i fylket sin plan for næringsutvikling og innovasjon mot 2033. Spel på det.	Vedtas
2	Styret	113-134	"Vidaregåande opplæring i heile fylket: Arbeidarpartiet vil arbeide for ein skule nær folk, og eit fortsatt godt tilbud i heile fylket. Og vi vil byggje ut for fleire yrkesfagplassar i Bergensdalen."	Skolestruktur: Full støtte til en prioritering av en skole nær folk, om det er det som er intensjonen. Men viktig å få fram at i sentrale strøk trengs det et stort løft for at flere elever skal få tilgang til et skoletilbud i nærheten av der de bor. For Bergen er det som kjent kritisk mangel på skoleplasser i yrkesfag for helt sentrale fag. Dette er alvorlig og en hastesak som er høyt prioritert av AiB for kommende periode, ref. punkt i vårt programutkast: "Jobbe opp mot fylket for å kreve nok skoleplasser på yrkesfag i Bergen". Formuleringen i fylket sitt utkast må jobbes med.	Vedtas
3	Styret	128-129	Erstattes med: "Alle elevar som fullfører helsearbeidarfag og barne- og ungdomsarbeidarfag skal etter avlagt fagbrev garanterast eit tilbod om fast og full stilling i kommunen.	Grunngjeving: Presisering	Vedtas
4	Styret	173-174	Utvide til alle frivillige organisasjoner, som i Bergen		Vedtas
5	Styret	176	"Der det er relevant, skal dei vidaregåande skulane verte involvert i områdesatsingar."		Vedtas
6	Styret	178	"regionssentra" erstattes med "tettstader"		Vedtas
7	Jeron Joseph	203	Vestland fylkeskommune skal sikre robuste og alternative kommunikasjonsløysingar for kritiske fylkeskommunale tenester, slik at kollektivtransport, vidaregåande skular, tannhelsetenesta og beredskapsleiinga kan oppretthalde nødvendig drift og kontakt med innbyggjarane ved bortfall av mobilnett, internett eller straum. Kritiske funksjonar skal så langt som mogleg ikkje vere avhengige av éin leverandør eller éin kommunikasjonskanal.	Programutkastet har gode formuleringar om beredskap, men omtalar i liten grad sårbarheita ved bortfall av elektronisk kommunikasjon. Fylkeskommunen har ansvar for samfunnskritiske funksjonar som kollektivtransport, vidaregåande opplæring og tannhelse. Vi bør sikre at desse kan fungere også når ordinære kommunikasjonsløysingar sviktar.	Støtter intensjonen, oversendes som innspill

8	Leiv Prestegård	204	Vi vil arbeide for oppretting av opplæring i beredskap i den vidaregåande skulen i Vestland, basert på røynsler med den såkalla Finnmarkspiloten. Dette for å gje elevar i vidaregåande skule teoretisk og praktisk beredskapsrelatert undervisning gjennom ei skuleveke.		Støtter intensjonen, oversendes som innspill
9	Jeron Joseph	235	Styrkje det rusførebyggjande arbeidet i dei vidaregåande skulane gjennom tettare samarbeid mellom skulane, helsesjukepleiarane, kommunane, føresette, frivilligheita og relevante tenester.		Støtter intensjonen, oversendes som innspill
10	David C. Vogt	243 (samt 360 og 120)	Forslag til innspel frå AiB til valprogrammet for Vestland Arbeidarparti: Arbeidarpartiet i Bergen støttar forslaget om gratis kollektivtransport for alle born til og med året dei fyller 15 år, men ønskjer å styrkje forslaget og ta det inn som ein av dei viktigaste lovnadene til Arbeidarpartiet på side 4. I førsteutkastet lyder punktet: «Transport er ein barriere, og difor vil vi òg vurdere å gjere kollektivtrafikken gratis for alle til og med det året dei fyller 15 år, om det er mogleg med skuleskyssordninga og økonomien tillet det.» Nytt forslag: «Transport er ein barriere, og difor vil vi gjere kollektivtrafikken gratis for alle til og med det året dei fyller 15 år. I dag reiser born gratis saman med vaksne, men Arbeidarpartiet vil at born til og med 15 år òg skal kunne reise gratis åleine, til dømes til fritidsaktivitetar eller på turar med idrettslag eller skule. Ei slik utviding og forenkling av gratisordninga for born vil òg frigjere administrative ressursar som i dag blir brukte til å vurdere kven som har rett på gratis skuleskyss.»	5 gode grunner for dette forslaget: 1. Det er sosialt: det reduserer levekostnader for barnefamilier 2. Det er grønt: det gir barn gode kollektivvaner og gir insentiv til å bruke kollektiv til trening osv. 3. Det gjør det lettere for skoleklasser å dra på utflukter - økonomi ikke lenger en hindring. 4. Det reduserer byråkrati: ikke lenger nødvendig å bruke ressurser på å vurdere hvilke elever som har rett på gratis skoleskyss. 5. Det vil være populært - ikke bare fordi det reduserer kostnader, men fordi det gjør livet enklere for barnefamilier, som per i dag må styre med å fylle på Skysskort, sende billetter til barna osv.	Vedtas

11	Jeron Joseph	269-271	For å auke fullføringsgraden og stimulere fleire til å gå frå Vg2 til lære, vil Arbeidarpartiet arbeide for fleire læreplassar og tettare oppfølging av elevane. Talet på plassar på Vg3 påbygg skal dimensjonerast i samanheng med søkjartal og tilgangen på læreplassar, slik at ungdom ikkje får færre moglegheiter fordi det manglar læreplassar.	Arbeidarpartiet og fagrørsla har eit felles mål om at fleire yrkesfagelevar skal fullføre med fagbrev. Hovudproblemet er likevel mangel på læreplassar. Kvalifiserte ungdommar må derfor få reelle moglegheiter til læreplass før vi reduserer kapasiteten på Vg3 påbygg. Målet bør vere at fleire vel fagbrev fordi dei får ein god veg ut i lære, ikkje fordi alternativet til lære blir mindre tilgjengeleg.	Støtter intensjonen, oversendes som innspill til løftet om lærlinggaranti
12	Styret	278	"For å sikre nok yrkesfagplassar i heile fylket vil vi sørge for at både Slåtthaug, Årstad og Bergen Maritime blir bygd ut i løpet av perioden."	Se begrunnelse om skolestruktur	Vedtas
13	Styret	376	Endre fra "realisere" til "arbeide for"	Viktig med realisme	Vedtas
14	Fauzia Hussain-Wiik	438	"1. Stille tydeligere krav til arbeidsvilkår i anbud med særlig vekt på forutsigbare arbeidstider, færre delte skift og tilstrekkelig tid til forberedelser. 2. Redusere unødvendig detaljstyring i anbudene og prioritere trafikksikkerhet, kvalitet og gode arbeidsforhold fremfor mindre vesentlige detaljkrav. 3. Styrke den politiske kontrollen med anbudsprosessene, slik at folkevalgte i større grad legger føringer for arbeidsvilkår og kvalitet før anbud lyses ut. 4. Sikre reell medvirkning fra ansatte og tillitsvalgte når nye anbud og kontraktskrav utformes. 5. Legge til rette for bedre rekruttering, gjennom økonomisk bærekraftige kontrakter som gir selskapene handlingsrom til å tilby gode arbeidsvilkår og beholde kompetansen."	Anbudssystemet i kollektivtransporten må i større grad ivareta sjåførenes arbeidshverdag. Dagens anbud stiller omfattende detaljkrav til blant annet kjøretøy og utstyr, samtidig som arbeidsvilkår, turnusordninger og tilstrekkelig tid til forberedelser ikke alltid blir godt nok ivaretatt. Det er politisk ansvar for å sette rammene for anbudene, selv om administrasjonen utarbeider de konkrete kravene. Det er derfor viktig med sterkere politisk styring og større forståelse for sjåførenes arbeidshverdag. Samtidig står transportbransjen overfor betydelige rekrutteringsutfordringer. Stramme økonomiske rammer og pressede kontrakter kan gjøre det vanskelig å tilby attraktive og forutsigbare arbeidsforhold.	Vedtas
15	Fauzia Hussain-Wiik	438 eller 335	Sikre trygge kjøretøy og HMS	Det er viktig å jobbe for trygge kjøretøy og HMS, bussjåfører skal ikke være mer utsatt for skade enn vanlige folk.	Vedtas
16	Rasmus Laupsa Rasmussen	482	Vestland Arbeidarparti seier derfor nei til utbygging av småkraft i verna vassdrag.		Vedtas

17	Jeron Joseph	495	Vestland fylkeskommune skal sjølv gå føre ved å opprette fleire betalte sommar- og ungdomsjobbar i fylkeskommunale verksemder, skular og bygg, slik at fleire unge får si første arbeidserfaring.	Tidleg arbeidserfaring gir ungdom referansar, meistring, nettverk og ein viktig inngang til arbeidslivet. Når fylkeskommunen har som mål at alle ungdommar skal ha hatt ein sommarjobb innan dei er ferdige på skulen, bør fylkeskommunen også sjølv bidra direkte med fleire jobbar.	Vedtas
18	Rasmus Laupsa Rasmussen	505	I vestland fylke er heile forvaltninga av havbruksnæringa delegert til administrasjonen. Det vert gjort fleire hundre vedtak i året, og kun eit fåtall av desse kjem til politisk handsaming. Det gjer eit demokratisk underskudd, og kan føre til usunn forvaltning av ei av våre viktigaste næringar. Vestland Ap vil derfor overføre ansvaret for denne forvaltninga frå administrasjonen til folkevalgt styring og kontroll.		Vedtas
19	Hilde Gjester Hoel	655-656	Følgende setning utgår: «Vi meiner at parlamentarisme er den beste styringsformen for Vestland Fylkeskommune.»	Det er ikkje grunngjeve godt nok kvifor ein meiner at parlamentarisme er den beste styringsformen. Her vert det berre konkludert utan å visa til at denne styringsformen vil gi meir verdiskaping, betre tenester, betre lokalsamfunn eller styrka velferd. Vestland fylkeskommune er i omstilling og i ein krevjande økonomisk situasjon. Ein må vurdera alle sider av denne styringsformen, som at den vil bli meir kostbar. Programkomiteen må visa betre at denne styringsformen kan lønna seg før Representantskapet sluttar seg til det.	Avvises, oversendes som innspill uten vedtak